



# RETTLEIAR FOR BÅLBRENNING

BJØRNNA  
FJØRDEN



KOMMUNE



Har du planar om å gjere opp eld utandørs?  
Les denne brosjyren nøye først!



POLITIET

# REGLAR FOR BÅLBRENNING

Bjørnafjorden brann og redning og Bjørnafjorden lensmannskontor har saman laga denne rettleiaren for å gje informasjon og råd til deg som har planar om å gjere opp eld utandørs.

Målet med rettleiaren er å førebygge skade og ulempe med bålbranning, informere innbyggjarane i kommunen om kva lovar og reglar som gjeld og kva omsyn som må ivaretakast.

## **Brann og eksplosjonsvernloven §5:**

«Den enkeltes plikt til å forebygge og begrense skadenvirkningene ved brann, eksplosjon og annen ulykke. Enhver plikter å vise alminnelig aktsomhet og opptre på en slik måte at brann, eksplosjon og annen ulykke forebygges.»

## **Forskrift om brannforebygging §3:**

«Det er forbudt å gjøre opp ild eller behandle brannfarlige gjenstander utendørs under slike forhold eller på en slik måte at det kan føre til brann. Oppgjort ild må ikke forlates før den er fullstendig slukket.»

# KONSEKVENSAR VED UFORSVARLEG BRENNING

Bjørnafjorden brann og redning kan gje pålegg om å stanse brenning, jamfør § 37 første ledd av brann- og eksplosjonsvernlova. Ved overhengande fare kan brannvesenet sløkke, jamfør BEL § 37 tredje ledd.

Politiet kan anmeldre forholdet og gi forelegg etter forureiningslova § 7 og 28.

I alvorlege tilfelle, ved gjentakingar og ved mistanke om lovbro, kan tilhøvet bli meld til politiet, jamfør forureiningslova §§ 78-79.

Dersom ein kjem over bålrestar og forsøpling, kan kommunelegen kan gje pålegg etter forureiningslova § 7, illegge forureiningsgebyr § 73, iverksette tiltak eller krevje refusjon etter forureiningslova § 74.



# GJER DEG KJEND MED REGELVERKET, OG VIS OMSYN!

I Noreg er det eit generelt bålforbod i eller i nærleiken av skog og anna utmark frå 15. april til 15. september. I dette tidsrommet er det forbode å tenne bål og grill (også eingongssgrill) utan løyve frå brannvesenet. Det er likevel lov å gjere opp eld der det openbart ikkje kan føre til brann.

## Bruk tilrettelagde grillplassar

Under det generelle bålforboden er det lov til å grille i eigen hage, i parkar og ved sjøen, vel og merke i god avstand til tre og vegetasjon.

Du kan òg bruke grill- og bål-plassar som er tilrettelagde av kommunen.

## Hald deg oppdatert!

Under særskilde vær- og vind-forhold som kan auke risikoen for gras- og krattbrannar, kan brannsjefen legge ned totalforbod mot bruk av eld utandørs. I slike tilfelle vil forboden bli formidla på bjornafjorden.kommune.no, på Bjørnafjorden brann og redning si facebookside og i lokalmedia.

## Vis omsyn!

Det er lov å brenne biologisk avfall på eigen eigedom heile året, men berre mindre mengder kvist, gras, løv og planterestar. Føresetnaden er at røyken ikkje er til sjenanse for omgjevnadane.

Det er ikkje tillate å brenne avfall eller boss som til dømes bygningsrestar, materialar eller trevirke som er behandla med maling, lakk, impregnering eller lignande. Dette skal leverast på godkjende avfallsdeponi.

**ÅLFORBODET I  
UTMARK GJELD  
FRÅ 15. APRIL TIL  
15. SEPTEMBER**

# FORSVARLEG BÅLBRENNING ER DITT ANSVAR

- Ta omsyn til naboar og miljø.
- Det er berre lov å brenne hageavfall, kvist og tørt løv.
- Vis varsemd i tørkeperiodar og ved sterk vind. Vurder spreiingsfare og om det er forsvarleg å brenne bål.
- Syt for god avstand til bygningar, vegetasjon og anna brennbart materiale.
- Bålet skal alltid haldast under oppsyn og kontroll.
- Syt for å halde barn på trygg avstand frå bålet, og at dei er kledde i natur stoff som ull og bomull.
- Syt for å ha rikeleg med sløkkevatn tilgjengeleg og at bålet blir forsvarleg sløkt med store mengder vatn.
- Rydd bållassen før du går. Ta med eingongsgrillen og legg han på tilvist stad for eingongsgillarar.
- All bålbranning skjer på eige ansvar!

## TA OMSYN TIL HELSE OG LUFTKVALITET

Røyk frå bål med hageavfall er ikkje ufarleg, spesielt dersom brennstoffet er fuktig. Røyk verkar irriterande på slimhinner i auger og luftvegar, og kan føre til helseplager. Dei som har astma og andre luftvegsproblem kan oppleve store plager grunna bålroyk. Bålrestar kan vere både skjemmande og giftige.

Den som skal brenne bål, må sikre seg slik at røyk og bålrestar ikkje er til fare eller plage for andre, menneske eller dyr, i nærleiken. Ein må ta ekstra omsyn nær barnehagar, skular, institusjonar eller bustadhús.

## KONTAKTINFORMASJON TIL BRANN, ELDSTAD OG FEIING

Os brannstasjon ligg i beredskapsbygget i Mobergsbakken 111.

Vakttelefon heile døgnet: For kontakt utover arbeidstid kontakt vakthavande brannbefal og miljøberedskap, telefon 915 68 590

Ved brann, ring 110